



Ingeniør Lyder K Leithaug
Bønnesskogen 3B
5154 BØNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1181 - 17/14348

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

30.05.2017

Førebels svar - trong for tilleggskokumentasjon - gbnr 129/6 Titland søndre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om rammeløyve frå forsamlingshus til rusomsorg den 03.04.2017. Vi beklagar sein tilbakemelding på søknaden.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Blankett 5175 må fyllast ut og sendast inn.
2. Det må gå fram av gjennomføringsplanen alle aktuelle fagområde som skal inn i saka, jf. pbl § 21-4 2.ledd. Gjennomføringsplanen kan supplerast med aktuelle føretak etter kvart som dei kjem på plass.
3. Vi forstår søknaden til å omfatte etablering av nytt minireinseanlegg. I søknaden er er vist plassert nærare kommunal veg enn 15 meter. Det må søkast om dispensasjon frå veglova § 29 om plassering av anlegget nærare kommunal vegmidte enn 15 meter. Alternativt må anlegget få ny plassering.
4. Det må leggest fram privatrettslig avtale om rett til å bruke/etablere sandfiltergrøft på gbnr 129/9. Viser og til vedlagte brev der eigar av denne eigedommen viser til at slik avtale ikkje ligg føre. Det er eit vilkår for å få rammeløyve at bortføring av avløpsvatn er privatrettsleg sikra.
5. Det må gå fram av teikningane kva det vert søkt om legalisering for. Det er ikkje samsvar mellom sist godkjente teikningar i kommunen sitt arkiv, og dei innsendte teikningane i saka vist som «as built».
6. Situasjonsplanen må vera målsatt med dei tiltaka det vert søkt legalisering for, der avstand til vegmidte går fram.
7. Vedlagte brannkonsept i saka gjeld kun for brakkebygget. I dei innsendte teikningane er det vist soverom i hovedbygningen. Det må ligga føre brannprosjekterande for hovedbygningen og. Sjå vedlagt uttale og frå brannvesenet. Vi ber om tilbakemelding på merknadane frå brannførebyggande avdeling.

8. Tiltaksklasse:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I gjennomføringsplanen er det vist til at ansvarleg søker og prosjektering er lagt i tiltaksklasse 2, medan brannprosjektering er lagt i tiltaksklasse 1.

Etter kommunen si førebelse vurdering meiner vi at det omsøkte tiltaket bør plasserast i tiltaksklasse 2 også når det gjeld brannprosjektering. Dette på bakgrunn av den bruken som bygget skal ha som rusomsorg/institusjon, med ei brukargruppe r som er i ein særskilt risiko.

Vi ber om tilbakemelding på vurderingar gjort i forhold til plasseringar av tiltaksklasse.

Vidare viser vi til krava i SAK § 14-2, for krav om obligatorisk uavhengig kontroll i tiltaksklasse 2 og 3.

Oversending av skriv:

Sist innkomne skriv frå nabo i saka vert lagt ved til orientering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.07.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ugyldig søknad om utslepp lagt til saka 11.05.17, ikkje nabovarsel - gbnr 129/6 Titland søndre
Uttale Nappane rus og omsorg
Uttale Nappane rus og omsorg

Kopi til:

Lyder Leithaug

Kopi til:

Rusomsorg Vest Nappane
Sos Brannconsult AS

Titlandsvegen 359 5912
Elvevegen 4 3550

SEIM
L

Mottakarar:

Ingeniør Lyder K Leithaug

Bønnesskogen 3B 5154

BØNES